

## Bli med på skuleløp for TV-aksjonen NRK – Redd Barna

**Tysdag 17. oktober** skal vi ha skuleløp for heile skulen!

Vi har i år valt, i samarbeid med FAU, å gjennomføre eit skuleløp for TV-aksjonen NRK. **Barn hjelper barn!**

TV-aksjonen går til Redd Barna sitt arbeid for barn ramma av krig og konflikt. Kwart sjette barn i verda lever i eit konfliktområde og det har aldri før vært så mange på flukt. Saman skal vi hjelpe 100 000 barn slik at dei får leike, lære og leve i fred!

Vi ønskjer å gje elevane ein moglegheit til å hjelpe andre, og vi håper at dette kan motivere elevane til å legge ned ein solid innsats både før-, under- og etter skuleløpet!

### Slik gjer vi det på sjølve dagen:

Elevane går/spring rundar på grasbana så mange gonger dei orkar i løpet av 1.time tysdag 17. oktober.

Kvar klasse har satt mål for kor mange rundar klassa kan klare.

Dei vaksne ved skulen registrerer tal på rundar elevane spring. Undervegs er det saft og matstasjon 😊.

**Vi kler oss i morosame, gøyale, kule, spreke, rare kostymer!**

*Du kan sjølvsgatt vere med å springe/gå viss du ikkje vil kle deg ut!*

**Alle som vil vere saman med oss, og heie fram elevane er hjarteleg velkomne!**

Det er fint om føresette hjelper eleven å samle sponsorar i forkant av løpet. Sponsorane betaler eit sjølvvalt beløp.

### **Slik kan du sponse!**

1. Sponsorskjema blir lagt vеди dette transponderskrivet. eleven får også eit papirskjema med seg heim.  
Skriv namn og beløp på skjemaet.  
**Merk at skjema skal vere heime, og at verken sponsor eller elev blir identifisert ved innbetaling.**
2. Elevane spring så mange rundar dei klarer. Elevane samarbeider for å klare målet til klassa. Klarer dei meir enn målet blir det ein liten premie til klassa!  
Føresette kan anten samle inn pengane fra sponsorane og betale alt inn i éin sum – eller la sponsorane betale inn sjølv. Alle innbetalingar skal uansett skje via skulen si innsamlingsside. Nettadressa står til slutt i skrevet.



### Forventa tal på runder klassa meiner dei kan klare!

Klasse trinn	elevtal i klassa	Løpe tid	Runder for klassa
1. klasse	15	3. time	90
2. klasse	11		83
3. klasse	12		70
4. klasse	16		110

Klasse trinn	elevtal i klassa	Løpe tid	Runder for klassa
5. klasse	15	3.time	120
6. klasse	10		60
7. klasse	21		130

## Eg deltek for TV-aksjonen NRK Redd Barna!

Eleven sitt namn: \_\_\_\_\_

Fyll inn namn på dine sponsorar, og kor mange dei vil sponse i skjemaet. Du vel sjølv kor mange sponsorar du vil skaffe.

Alle skal betale inn via nettsida som står nedst til høgre på skjemaet. På den same nettsida kan du følgje med på totalresultatet for skulen din.

Lykke til!

Mine sponsorar (namn)		Betaler kroner
1.		
2.		
3.		
4.		
5.		
6.		
7.		
8.		
9.		
10.		
11.		
12.		
13.		
	<b>SUM</b>	<b>=</b>
<b>Klassa mi skal springe _____ rundar</b>		
<b>Sponsorene dine skal gå inn på denne nettsiden for å betale:</b>		
<a href="https://spleis.no/337218"><b>https://spleis.no/337218</b></a>		

22. OKTOBER 2023



**SPLËIS**  
fra SpareBank **1**

Støtt spleisen

**Tjeldstø skule La barn leve i  
fred TV-aksjonen NRK 2023**



Gå til [spleis.no/337218](https://spleis.no/337218)